


**AKSJON:** Frå venstre Connie Hansen Bjørnøy, Gunnar Hauge, Magne Valbø, Jorunn Solnørdal Myren, Rolf Ole Humblen, Petter Arne Ekroll, Knut Ivar Bø, Eli Sjåstad, Elias Sjåstad Valbø og Amalie Sjåstad Valbø protesterer mot regjeringa sin landbrukspolitikk.

● Protestaksjon i Ørskog:

# Brenn for landbruk

Bønder på Sunnmøre samla i protest mot jordbrukspolitikken, men ministeren forstår ikkje noko.

Eit titals bønder var samla til ein protestaksjon på eit jorde ved E39 i Sjøholt tysdag ettermiddag.

Bøndene meiner regjeringa angrip dei viktigaste marknadsordningane.

– Dei kastar ordningar som sikra drift av landbruk i heile Norge, seier Knut Ivar Valbø i Ørskog Bondelag.

– Dette er system som har fungert godt, også for forbrukarane, seier Petter Arne Ekroll i Skodje bondelag.

**Grensa nådd**

– Jorda ligg der den ligg. Det er ikkje alle plassar det passar med stordrift. Det er galskap å forlate familiedrifta gardar til ekspansjonskarusellen der fallande prisar må kompenserast med ny ekspansjon, seier Knut Ivar Valbø.

– Vi veit kva regionar som vert ramma. Norge vil miste det unike allsidige jordbruket vi har, seier han under appellen ved E39 i Ørskog.

Bøndene på Sunnmøre fryktar færre regionar med kvoteomsetning for mjølk.

– Då blir produksjonen flytta frå dei svakjastet områda og Vestlandsregionen blir råka. Vi har hatt inntektsauke i jordbruket i Norge, men ikkje på Vestlandet. Det har blitt eit større klasseskilje i jordbruket, seier han.

Samstundes forsvinn kulturlandskapet i regionen, meiner Valbø.

**Unikt i Norge**

Petter Arne Ekroll meiner det er komisk å sjå at dei er ivrige etter å hjelpe med forenklingar, men ikkje med matvaresikkerheit. Tyskland vil tvangskjøpe gardar for å sikre matvarelager. Dette gjer ein ikkje i Norge. Det er ein ganske naiv tankegang, meiner han.

Samvirkemodellen i Norge blir beundra ute i Europa, hevdar bøndene.

– I Danmark er det krise. 80 prosent av bruka driv med underskot og bankane tør ikkje slå dei konkurs. I kulissane vakar eiendomsoppkjøparar som kan sikre seg billig land i påvente av betre tider.

**– Historieløst**

Landbruksminister Jon Georg Dale oppfordrar norske bønder til «å reflektere eit halvt minutt» før dei set fyr på bålet. Han viser til at inntektsutviklinga er god samanlikna med andre grupper og ikkje minst yrkesfeller i andre land.

– Det er heilt fair å vere ueinig i enkeltforslag, men når ein legg opp til vardebrenning, er det ubalansert og historieløst, seier Dale til NTB.

**STIG VÅGNES**
stig.vagnes@smp.no

# Krav på halv milliard

Søre Sunnmøre tingrett heldt måndag den første skiftesamlinga etter konkursen i Stig Remøy-selskapet, MJ Eigedom. Då kom det fram at det er meldt inn sju krav på til saman 545 millionar kroner. Det er eitt av Remøy sine eigne selskap, SSR Invest, som har det største kravet på til saman 344 millionar kroner.

MJ Eigedom gjekk før konkursen 20. desember under namnet Olympic Holding AS, og var då morselskap i Olympic Bustyrar ber i sin rapport tingretten om at det vert oppnemnt burevisor, og at eit mål er vere i hamn med bubehandlinga før sommaren. Selskapet eig også ein eigedom på Mjølstadneset, der Stig Remøy hadde planar om å bygge nytt hovudkvarter.



**KONKURS:** Herøy-reiar Stig Remøy slo sitt tidlegare holdingselskap konkurs før jul.

Eigedomen er det einaste som blir vurdert å ha verdi i selskapet, og kan bli lagt ut for sal.

**MARIUS ROSBACH**
mr@smp.no



## Skår ferjekai får pengar

Ørsta formannskap har løyvd inntil 330.000 kroner til strakstiltak til utbetring av Skår ferjekai i Hjørundfjorden. Det melder Møre-Nytt.

– Før tiltaka vert sett i verk skal det liggje føre stadfesting frå Fjord1/fylkeskommunen om at signalruta vert teke opp att, heiter det i vedtaket.

## pris

### pris: olje

**Brent spar** inneværende måned i år og i fjor - pris i USD
— Des 2017 ····· Des 2016




BRENT SPAR: 55,09 **-2,34%**

**Renten** Kort 3 mnd **1,02%**

**Oslo** Børsen i går **-0,70%**

### pris: laks

**Spotpris laks** inneværende måned i år og i fjor - ukepris i NOK/kg
— Des 2017 ····· Des 2016




### pris: strøm

**Strømpris** inneværende måned i år og i fjor - pris i øre/KWh
— Des 2017 ····· Des 2016




### nibor-rente

**Nibor 3 mnd** inneværende måned i år og i fjor
— Des 2017 ····· Des 2016




### fond: 5 på topp

**Norske fond** best avkastning i prosent siste uke

| | |
|---|---|
| SEB Norway Focus | 1,73 |
| Holberg Norge | 0,94 |
| Danske Invest Norge Vekst | 0,92 |
| Fondsfinans Norge | 0,69 |
| Pareto Aksje Norge - andelskl I | 0,65 |

### fond: 5 på bunn

**Norske fond** dårligst avkastning i prosent siste uke

| | |
|---|---|
| FORTE Norge | -2,17 |
| FIRST Generator | -1,33 |
| FORTE Trønder | -1,30 |
| PLUSS Index (Fondsforvaltn) | -0,95 |
| XACT OBX | -0,94 |

**USD/NOK** **-0,89%** (-0,07 NOK)

**Euro/NOK** **-0,38%** (-0,03 NOK)

### valutakurser

**Pris i NOK** pr. enhet
*) Pris i NOK for 100

| | Kurs | Endring | Valuta |
|---|---|---|---|
| | 6,26 | -0,03 | Aus. dollar |
| * | 119,51 | 0,17 | Danske kr. |
| | 8,89 | 0,01 | Euro |
| * | 7,29 | 0,00 | Jap. Yen |
| | 6,32 | -0,03 | Kan. dollar |
| | 10,32 | -0,13 | Br. pund |
| * | 833,15 | 1,23 | Sv. francs |
| * | 94,05 | 0,02 | Svenske kr. |
| | 8,26 | -0,09 | US dollar |

## børs

### Oslo børs

**Oslo børs** hovedindeks inneværende måned i år og i fjor
— Des 2017 ····· Des 2016




OSEBX: 693,12 **-0,70%**

### børsvinnere siste dag

**Verdiendring** i prosent siste børsdag

| | |
|---|---|
| Funcom | 37,24 |
| RenoNorden | 27,30 |
| Farstad Shipping | 7,64 |
| RAK Petroleum | 4,70 |
| Archer | 3,80 |

### børstapere siste dag

**Verdiendring** i prosent siste børsdag

| | |
|---|---|
| Hiddn Solutions | -45,91 |
| Seadrill | -28,41 |
| InterOil Exploration & Prod. | -23,16 |
| Sevan Drilling | -22,06 |
| Fred. Olsen Energy | -14,90 |

### børsvinnere siste uke

**Verdiendring** i prosent siste uke

| | |
|---|---|
| RenoNorden | 43,39 |
| Funcom | 39,65 |
| Farstad Shipping | 31,59 |
| Archer | 29,13 |
| Havila Shipping | 20,96 |

### børstapere siste uke

**Verdiendring** i prosent siste uke

| | |
|---|---|
| Hiddn Solutions | -47,45 |
| Seadrill | -33,12 |
| Storm Real Estate | -21,39 |
| Fred. Olsen Energy | -20,27 |
| InterOil Exploration & Prod. | -17,66 |

### børsvinnere siste år

**Verdiendring** i prosent siste år

| | |
|---|---|
| Havila Shipping | 599,25 |
| Nordic Nanovector | 509,38 |
| I.M. Skaugen | 409,39 |
| Norwegian Energy Company | 375,84 |
| Questerre Energy Corporation | 301,83 |

### børstapere siste år

**Verdiendring** i prosent siste år

| | |
|---|---|
| Prosafe | -96,44 |
| RenoNorden | -78,09 |
| Avance Gas Holding | -70,26 |
| Farstad Shipping | -68,69 |
| Solon Eiendom | -68,63 |

### lokale selskap

| Selskap | Endring | Kurs | Markedsverdi |
|---|---|---|---|
| Ekornes | 0,50 | 114,00 | 4.197,83 |
| Farstad Shipping | 0,34 | 4,79 | 186,81 |
| Havila Shipping | 0,01 | 2,02 | 60,96 |
| Havyard Group | -0,01 | 9,38 | 224,03 |
| Hexagon Composites | 0,00 | 27,60 | 4.566,75 |
| Hofseth BioCare | -0,02 | 1,24 | 291,87 |
| Sparebanken Møre | -2,00 | 256,00 | 2.523,42 |

©NTB/OBI/Nord Pool/Reuters/Fish Pool